



# PROSJEKTPLAN 2016 – 2021

## INDRE SOGN VASSOMRÅDE



og

## YTRE SOGN VASSOMRÅDE



## Innleiing

Prosjektplanen skal vise organisering og finansiering av dei to vassområda i Sognefjorden, Indre Sogn og Ytre Sogn vassområde, samt framdriftsplan og ei oversikt over arbeidet som skal utførast i prosjektperioden. Grunnlaget for arbeidet er «Forskrift om rammer om vannforvaltninga» (*vassforskrifta*) som vart vedteke av Stortinget i 2007.

Tidlegare prosjektplan for Indre Sogn vassområde og Ytre Sogn vassområde er no revidert og slege saman til eit dokument. Indre Sogn vassområde har hatt ein prosjektplan for perioden 2011 – 2013, sist oppdatert 18.08.2012. Ytre Sogn vassområde har ein prosjektplan frå 6.juni 2011 for perioden 2011-2015. Prosjektplanane er vedteke av kommunane i dei respektive vassområda.

Prosjektplanen er basert på vassforskrifta og føringar i planprogrammet til Sogn og Fjordane vassregion vedteke av Fylkesutvalet for Sogn og Fjordane 30. november 2011. Planprogrammet er utarbeida for første planperioden 2010 – 2015 og vil bli revidert i neste planperiode (2016 – 2021). Prosjektplanen vil bli oppdatert i samsvar med revidert planprogram for andre (2016 – 2021) og tredje (2022 – 2027) planperiode.

Planprogrammet har som mål å vise korleis lokale, regionale og statlege styresmakter, organisasjonar og andre interessentar bør samarbeide om vassforvaltninga. Det er fire vassområde i Sogn og Fjordane vassregion. Sogn og Fjordane Fylkeskommune er vassregionmynde, og det er nedsett eit vassregionutval som består av regionale sektormynder samt representantar frå kommunane.

Det er ei målsetting å forankre prosjektplanen politisk gjennom kommunestyrevedtak i dei seks hovudkommunane i kvart vassområde.


## 1. Bakgrunn

Vassforskrifta vart sett i verk 01.01.2007. Gjennom vassforskrifta har Noreg slutta seg til EU sitt vassdirektiv. Direktivet legg opp til ei heilskapleg forvaltning av grunnvatn, fersk- og kystvatn. Vassforskrifta seier at alle vassførekomstar i Noreg som hovudregel skal ha **minimum god økologisk og kjemisk tilstand**. Vassforskrifta er heimla i Plan- og bygningslova, Ureiningslova og Vassressurslova. Naturmangfaldlova, saman med andre relevante lover, er viktige for planarbeidet.

Føremålet med vassforskrifta er å sikre og beskytte berekraftig bruk av vassmiljøet i ferskvatn, grunnvatn og kystvatn i Noreg. Det blir fastsett miljømål for alle vassførekomstar i Noreg i forvaltningsplanane. for å nå miljømåla, må tiltak settast i gong der tilstanden er for dårleg.

Planarbeidet spenner totalt over 3 landsdekkande planperiodar kvar på 6 år for perioden 2010 – 2033 (figur 1). Kvar planleggingsperiode skal resultere i regional forvaltningsplan og tiltaksprogram. Planen vert gjort gjeldande for påfølgjande 6-årsperiode, då forvaltningsplanen skal følgjast opp og tiltaksprogram gjennomførast.

Det er utarbeidd eigne tiltaksanalyser for dei to vassområda for første planperiode. Tiltaksanalysen har vore eitt av grunnlagsdokumenta for Regional forvaltningsplan og Tiltaksprogrammet. Planen er lagt ut på høyring i 6 månader med høyringsfrist 31.03.15. Planen skal gjennomførast i perioden 2016-2021. I same periode vert tiltaksanalysane for vassområda og den regionale vassforvaltningsplanen og regional tiltaksprogram revidert. Revidert plan vil bli vedteken innan utgongen av 2021.




Figur 1. Arbeidet med vassforvaltninga er eit kontinuerleg arbeid delt i 3 planperiodar. Den tredje og siste planperioden slutar i 2033.

## 2. Mål for forvaltning av vassressursane

### 2.1. Hovudmål

I planperioden 2016 – 2021 skal vedteken forvaltningsplan og tiltaksprogram gjennomførast og ein revidert plan for neste planperiode skal utarbeidast. Vassdraga og sjøområda langs kysten i vassområdet skal forvaltast på ein slik måte at miljømåla for kvart vassdrag og kvar kystvass- eller grunnvassførekomst vert nådd. Prosjektet skal bidra til kartlegging av tilstand og påverknadar i vassførekomstane i vassområdet, og foreslå naudsynte tiltak slik at miljømåla vert nådd. Standard miljømål er god til svært god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand (tilnærma naturtilstand) innan 2021. Skalaen går frå svært dårleg til svært god tilstand (Figur 2). Vassområdeutvalet kan foreslå unnatak for enkelte vassførekomstar. Det er heimel i vassforskrifta for utsett frist (§ 9), mindre strenge miljømål, (§ 10), sterkt modifiserte vassførekomstar, SMVF (§ 5), m.m. etter nærare grunngjeving. Kriteria for klassifisering av ei vassførekomst som SMVF gjeld til dømes regulerte eller forbygde og kanaliserte elvar og hamnar. I staden for krav om god eller svært god økologisk tilstand har førekomstar som er SMVF krav om godt økologisk potensiale. Desse får miljømålet godt økologisk potensiale, som i praksis inneber redusert krav til økologisk tilstand. Endeleg utpeiking av sterkt modifiserte vassførekomstar vil gå fram av vedteken forvaltningsplan. Den regionale planen vert vedteken av Fylkestinget og godkjent gjennom ein Kongeleg resolusjon. Tiltaksprogrammet vert vedteken av Fylkestinget.



Figur 2. Kjemisk og økologisk tilstand vert klassifisert på ein skala frå svært god til svært dårleg. Tiltak for å nå miljømåla må settast i verk viss tilstanden er moderat eller dårlegare. Vassførekomstane skal ikkje forringast frå svært god/god til ein dårlegare tilstandsklasse.

## 2.2. Gjennomføring - Forvaltningsplan og tiltaksprogram frå 1. planperiode-Delmål

- Følgje opp regional forvaltningsplan og tiltaksprogrammet som vert gjort gjeldande frå og med 01.01.2016. Rapportere status for gjennomføring og grunnlag for eventuelle avvik
- Tiltaksretta overvaking for å finne ut om tiltaka har tilsikta effekt og om miljømål er oppnådd

## 2.3. Revidering - Forvaltningsplan og tiltaksprogram for 2. planperiode - Delmål

- Sette i gang naudsynt overvaking som bidrag til karakterisering og revidert tiltaksanalyse
- Ta del i arbeidet med karakterisering (vurdering av påverknadar og risiko m.m.)
- Vurdere trøng for og eventuelt utforme innspel hhv. Indre og Ytre Sogn vassområde til dokumentet "Vesentlege spørsmål om vassforvaltning i Sogn og Fjordane". Dokumentet skal oppdaterast før revidert tiltaksprogram og forvaltningsplan vert utarbeida. Innspel kan omhandle tilstand og menneskeskapt påverknad i vassførekomstar, utforma på bakgrunn av nye og gamle data og opplysningar.
- Invitere styresmakter og interessantar til å kome med innspel til revidert tiltaksanalyse for vassområda. Innspela kan omfatte endra trøng for tiltak i vassførekomstar, nye vassførekomstar der det er naudsynt å sette inn tiltak, vassførekomstar som har nådd miljømåla og difor ikkje lenger treng tiltak, samt justeringar av miljømål. Samanstill tiltaksanalyse for oversending til vassregionmynda.
- Legge til rette for medverknad frå kommunar, sektorstyresmaktar, private verksemdar, lag, organisasjonar og enkeltpersonar ved utforming av innspel.

Oversikt over delmål for å gjennomføre vedteken forvaltningsplan frå første og revidere vedteken plan for andre planperiode går fram i tabell 1.

Tabell 1. Oversikt over tema som skal gjennomførast for 1. og 2. planperiode i perioden 2016 – 2021

Planperiode 2016 - 2021	
Gjennomføring av forvaltningsplan og tiltaksprogram frå 1. planperiode - Delmål	Revidering av forvaltningsplan og tiltaksprogram for 2. planperiode - Delmål
Legge til rette for lokal medverknad	
Følgje opp relevante tiltak i vedteken forvaltningsplan og tiltaksprogram for 2016 – 2021	Revidere felles prosjektplanen for Indre Sogn og Ytre Sogn vassområde
Rapportere tiltaksgjennomføring til vassregionmynda i vedteken plan	Ev. innspel til revidert utgåve av trendanalyse
Tiltaksretta overvaking der tiltak er satt eller skal settast i verk	Innspel til 'Vesentlege utfordringar'
Gjennomføre relevant overvaking i tråd med overvåkingsprogrammet for 2013 – 2021 i samarbeid med Fylkesmannen	Innspel til revidert overvåkingsprogram
	Vurdere forslag til karakterisering av vassførekomstar basert på ny kunnskap
	Ev. revidere register over beskytta områder
	Utarbeide forslag til reviderte/justerte miljømål
	Utgreie tiltak med kost/nytte-vurderingar
	Revidere tiltaksanalysen for begge vassområda.

### 3. Organisering

#### 3.1. Vassområda

Sogn og Fjordane vassregion er delt inn i fire vassområde.

##### Indre Sogn vassområde

Vassområdet er samansett av hovudkommunane Aurland, Leikanger, Sogndal, Luster, Lærdal og Årdal, som også er eigarar av prosjektet. Kommunane Vik, Balestrand, Førde, Jølster, Stryn, Lom, Skjåk, Hemsedal, Vang, Hol, Ål, Ulvik, Vaksdal og Voss har mindre areal i vassområdet. Desse kommunane har imidlertid den største delen av sine respektive areal i tilgrensande vassområde.

##### Ytre Sogn vassområde

Vassområdet er samansett av kommunane Vik, Balestrand, Høyanger, Hyllestad, Gulen og Solund, som også er eigarar av prosjektet. Kommunane Fjaler, Gaular, Førde, Leikanger, Sogndal, Aurland, Austrheim, Lindås, Masfjorden, Modalen og Voss har mindre areal i vassområdet. Desse kommunane har den største delen av sine respektive areal i tilgrensande vassområde.

Ettersom vassområda er inndelt etter nedbørsfelt har fleire av kommunane i Ytre Sogn vassområde og Indre Sogn vassområde også noko areal i tilgrensande vassområder.

Organiseringa på vassområdenivå er ikkje definert i vassforskrifta. Planprogrammet til Sogn og Fjordane vassregion gir i midlertid visse føringar.

Begge vassområda har i likskap med andre vassområde organisert seg med vassområdeutval, referansegruppe og ei prosjektgruppe som tek i vare sekretariatsfunksjonen. I tillegg kan det opprettast temagrupper.



### **3.2. Vassområdeutval**

I begge vassområda er det oppretta eit vassområdeutval som fungerer som styringsgruppe for prosjektet, med ein politisk vald og ein administrativ representant frå kvar kommune, i tillegg til representantar frå fylkeskommune og regionale sektorstyresmaktar

Planprogrammet til Sogn og Fjordane vassregion seier følgjande om kommunane si rolle i vassområdeutvalet:

*“Kommunane er areal- og planstyresmakt og har sektormyndige på område som landbruk, miljø, vatn og avløp, ureining etc. Kommunane har eigne verkemidlar og/ eller har delegert myndighet frå staten. På lokalt hald legg difor vassregionmyndigheita opp til at kommunane får ansvaret for å leie arbeidet i vassområda. Vassregionmyndigheita rår kommunane til å trekke inn flest mogleg av aktørane som kan bidra med kunnskap og i gjennomføring av tiltak.”*

Vassområdeutvalet har hatt ansvaret for at arbeidet vart sett i gang, og at prosjektplanen vert følgd opp. Vassområdeutvalet avklarar korleis det interkommunale samarbeidet skal organiserast og set opp budsjett med fordeling av kostnader for vassområdet. Rapportar og utgreiingar frå prosjektgruppa/prosjektleiaren skal rapporterast til vassområdeutvalet. Vassområdeutvalet skal gjere vedtak/komme med tilrådingar om saker innanfor sitt respektive vassområde, og rapportere til vassregionmynda.

Vassområdeutvalet har ansvar for å leggje til rette for medverknad frå kommunar, sektorstyresmaktar og interesseorganisasjonar.

Vassområdeutvalet vedtek organisering, framdriftsplan, oppdrag og finansieringsplan. Vedtaka må vere i samsvar med vedteke planprogram, føringar frå vassregionmynda, vassregionutvalet og nasjonale føringar. Framdriftsplanen er styrt av fristane i vassforskrifta og fristar som vassregionmynda set. Kommunen sine bidrag (økonomisk, personell, m.m) må forankrast og godkjennast i den enkelte kommune.

### **3.3. Prosjektgruppe og prosjektleiaren**

Prosjektgruppa skal vere sekretariat og koordinator i arbeidet med å skaffe faglege opplysningar og informasjon til tiltaksanalysen og forvaltningsplanen. Prosjektgruppa, eventuelt i samarbeid med temagrupper, utarbeider framlegg til tiltak og arbeidsoppgåver som skal gjennomførast på vassområdenivå, og rapporterer til vassområdeutvalet. Prosjektgruppa er samansett av representantar frå administrasjonen i kommunane i vassområdet. Prosjektgruppa inviterer regionale etatar inn i arbeidet etter behov.

I denne gruppa skal det vere ein prosjektleiaren som óg skal ha sekretærfunksjon.

### **3.4. Temagrupper**

Vassområdeutvalet vil opprette temagrupper for dei mest aktuelle problemstillingane i sitt respektive vassområde. Dette for å leggje til rette for ei brei medverknad på tvers av sektoransvar og fagdisiplinar der lag og organisasjonar skal ha moglegheit til å bidra.

Landbruk og spreidde avløp peikar seg ut som påverknadar ein treng meir kunnskap om i store deler av vassområda. Samarbeid om finansiering av overvaking av vassførekomstane t.d. kartleggje landbruksureining er eit mål i planperiden. I fyrste omgang vert det nedsett to temagrupper i kvart vassområde: landbruk og spreidde avløp. Kommunane som styresmakt vil vere representert i desse temagruppene. I tillegg til vassområdeutvala invitere representantar frå Fylkesmannen og lokale og regionale interesseorganisasjonar.

Ei tredje aktuell temagruppe er Fysiske inngrep, med deltakarar frå kommunar, NVE, Fylkesmannen og aktuelle interessentar, lag og organisasjonar.

Ved komplekse problemstillingar knytt til ulike fagfelt, er det aktuelt med samarbeid mellom temagruppene t.d. Temagrappa for landbruk kan óg nærmare vurdere tiltak i kanaliserte elvar p.g.a. landbruk og kombinasjonen mellom landbruk og veg.

Utgangspunkt for temagruppene er å gjennomføre vedteken forvaltningsplan og tiltaksprogram og å spele inn innspel til revidert dokument om *Vesentlege vassforvaltningsspørsmål* og revidert tiltaksanalyse for vassområda for 2. planfase.

### **3.5. Referansegruppe**

Det er oppretta ei referansegruppe for prosjektet. Denne er samansett av frivillige organisasjonar, interessentar, private verksemder og enkeltpersonar i vassområdet. Referansegruppa får orientering om arbeidet i vassområdet og har høve til å kome med tilbakemeldingar og innspel på arbeidet.

Aktuelle interessentar kan trekkjast inn i arbeidet i ulike temagrupper (avsnitt 3.4).

## **4. Arbeidsoppgåver for vassområda**

### **4.1. Generelle arbeidsoppgåver**

Prosjektet skal gjennomførast i samsvar med arbeidsmetodar, prosessar og tidsfristar som er omtalt i vassforskrifta og tilhøyrande rettleiarar. I tillegg følgjer det råmer og rettleiingar som vassregionmynda fastset. Vassområdeutvalet føl opp aktuelle punkt i vedtekne forvaltningsplanar, tiltaksprogram, handlingsprogram og overvåkingsprogram for vassområdet og deltek aktivt i revidering av desse plandokumenta.

Vassområda har utarbeidd innspel til vesentlege vassforvaltningsspørsmål (2012) og tiltaksanalyse (2014), som er innspel til regional forvaltningsplan og tiltaksprogram. Desse dokumenta vert i 2. planperiode revidert. Grunnlaget til dette kom frå karakterisering og overvaking av vassførekomstane, samt innspel frå kommunar, styresmakter, frivillige organisasjonar, interessentar og verksemder.

### **4.2. Arbeidsoppgåver**

Med utgangspunkt i vassforskrifta og planprogrammet i Sogn og Fjordane vassregion, er følgjande arbeidsoppgåver skissert:

#### For vassområdeutvalet (VOU):

- Utarbeide reviderte lokale tiltaksanalyser. Gode tiltaksanalyser er heilt avgjerande for kvaliteten på forvaltningsplanen og tiltaksprogram.
- Samle lokal kunnskap.
- Bidra til å få fram datagrunnlag og karakterisere vassførekomstar.
- Føreslå kandidatar til sterkt modifiserte vassførekomstar .
- Føreslå tiltak og vurdere dei. Bidra til å overvake og vurdere effekt av tiltak.
- Utarbeide forslag til vesentlege spørsmål om vassforvaltning for vassområdet.
- Leggje til rette for lokal medverknad.
- Følgje opp tiltaksprogrammet. Rapportere status for gjennomføring, samt grunnlag for eventuelle avvik.

#### For kommunane:

- Bidra med grunnlagsdata.
- Utgreie forslag til miljøforbetrande tiltak innanfor sine ansvarsområder.
- Utgreie premissane for fastsetting av miljømål (unnatak etter vassforskrifta).
- Delta i vassregionutvalet.
- Delta i vassområdeutvalet.
- Rapportere til vassregionmynda årleg.

- Saman ha leiarrolla i vassområdeutvala.
- Gjennomføre og finansiere tiltak for sine ansvarsområder i samsvar med vedteken forvaltningsplan og tiltaksprogram:
  - ✓ Vatn og avløp.
  - ✓ Drikkevatt.
  - ✓ Landbruk.
  - ✓ Planlegging og sakshandsaming etter plan- og bygningslova.
  - ✓ Arealplanlegging, generelt planarbeid.
  - ✓ Sakshandsaming etter ureiningslova der kommunane er ureiningsmynde.

For regionale styresmaktar:

- Bidra med grunnlagsdata
- Utgreie forslag til miljøforbetrande tiltak innanfor sine ansvarsområder
- Utgreie premissane for fastsetting av miljømål (unnatak etter vassforskrifta)
- Delta i vassregionutvalet
- Delta i vassområdeutvalet
- Rapportere til vassregionmynda årleg
- Gjennomføre og finansiere tiltak for sine ansvarsområder

I Planprogrammet til Sogn og Fjordane vassregion står det:

*“Kommunane vert direkte involverte av planane og aktivitetane som følgje av vassforskrifta og arbeidet med forvaltningsplanen. Dei må i tilstrekkeleg grad integrere vassområdeplanlegging i si planlegging. Kommunane er pålagt å utføre ei løypande overordna kommuneplanlegging som omfattar samfunnsutvikling og arealbruk. Kommunane har delegert mynde etter ureiningslova. Dei stryer ein vesentleg del av verkemidla i landbruket. Kommunane er ofte vassverkseigarar og har ansvaret for miljøretta helsevern.”*

#### **4.3. Prosjektleder/sekretær**

I Indre Sogn vassområde har Aurland kommune vore vertskommune og sekretær for vassområdet i første planfase.

I Ytre Sogn vassområde har prosjektleder vore tilsett i 50 % stilling frå 01.01.2012 i Høyanger kommune som har vore vertskommune for vassområdet.

Det er semje om å prøve å få til eit samarbeid der ein tilset ein felles prosjektleder for dei to vassområda i 100% stilling. Sogn og Fjordane Fylkeskommune blir då arbeidsgivar.

Arbeidsoppgåvene til prosjektleder er mellom anna:

- Å utarbeide arbeidsplan med budsjett og årsmelding til vassområdet i samarbeid med prosjektgruppa
- Vere sekretær for vassområdeutvalet, utføre oppgåver for vassområdeutvalet og utarbeide skriftlege dokument til godkjenning hos vassområdeutvalet.



## 5. Framdrift

### 5.1. Framdrift

Planprogrammet til forvaltningsplanen for Sogn og Fjordane vassregion viser arbeidet med vassforskrifta slik (figur 3):



Figur 3. Arbeidet med vassforskrifta vil vere kontinuerleg og skal rullerast kvart 6. år for gradvis å bringe tilstand i alle vassførekomstar opp på akseptabelt nivå. Arbeidet startar med å fastsetje tilstand i kvar vassførekomst. På denne bakgrunnen vert det utarbeidd forvaltningsplan med tiltaksprogram. Etter iverksetting av tiltak skal tilstanden igjen overvakast for å finne ut om tiltaka var tilstrekkelege. Dette gir grunnlaget for å revidere regional forvaltningsplan og tiltaksprogram i neste prosjektperiode.

### 5.2. Milepælar - gjennomføring av plan frå 1. planperiode

Vassforvaltningsplan og tiltaksprogram vert vedteke i 2015. Planen skal gjennomførast i 2016 – 2021. Tiltak som skal gjennomførast, må vere operative innan utgangen av 2018. Oversikt over milepælar går fram av tabell 2.

Tabell 2 Milepælar ved gjennomføring av vedteken forvaltningsplan frå første planperiode  
\* Tidsfristar fastsett nasjonalt eller regionalt er utheva

Oppgåve/planperiode	Kommentar	Tidsfrist*
Prosjektplan	Godkjenning i vassområdeutvalet Vedtak i kommunane	Mars 2015 1. juli 2015
Prosjektleiar	Tilsetting v/Fylkeskommunen	2015
Høyring regional forvaltningsplan og tiltaksprogram	Høyringsfrist	31.03.2015
Regional forvaltningsplan og tiltaksprogram trer i kraft for 2016 – 2021	Alle sektorar og interessentar må følgje opp tiltak innanfor sine ansvarsområder, og legge miljømåla i planane til grunn for sin aktivitet	<b>Frå 01.01.2016</b>
Regionalt overvåkingsprogram	Oppfølging av regionalt overvåkingsprogram for vassområdet i samarbeid med	<b>Årleg</b>

Oppgåve/planperiode	Kommentar	Tidsfrist*
	Fylkesmannen	
Handlingsprogram	Oppfølging av handlingsprogrammet. Programmet vert revidert årleg	<b>Årleg</b>
Statusrapport om tiltak	Rapport til vassregionmynda om forventa status for igangsetting av tiltak i tiltaksprogrammet ved utgangen av 2018	<b>01.07.2018, deretter årleg.</b>
Oppstart av tiltak	Igangsetting/oppstart av tiltak. Kommunane og sektorstyresmaktene har ansvar for å gi pålegg om tiltak. Tiltakshavar har ansvar for gjennomføring	<b>31.12.2018</b>
Miljømål skal vere nådd	Vassføreokmster med unnatak i medhald av vassforskrifta får eit lågare miljømål innan frista.	<b>31.12.2021</b>

### 5.3. Milepælar 2. planperiode

Grunnlaget for revidert vassforvaltningsplan og tiltaksprogram vert utført 2016-2021. Revidert vassforvaltningsplan og tiltaksprogram vert vedteke i 2021. Planen skal gjennomførast i 2022 – 2027. Tiltak som skal gjennomførast, må vere operative innan utgangen av 2024. Oversikt over milepælar går fram av tabell 3

*Tabell 3 Milepælar ved gjennomføring av vedteken forvaltningsplan frå første planperiode \**  
*Førebelse tidsfristar i kursiv.* Tidsfristar fastsett nasjonalt eller regionalt er utheva

Oppgåve/planperiode	Kommentar	Tidsfrist*
Gjennomføre overvakingsprogram og problemkartlegging i tiltaksprogrammet	Bidrag til oppdatert karakterisering og tiltaksanalyse for 2. planperiode	Straks
Oppstart høyring av revidert planprogrammet		<b>1.1.2017</b>
Karakterisering må vere oppdatert	Inndeling av vassførekomstar. Påverknader og risiko	<b>01.07.2018</b>
Innspel til revidert dokument "Vesentlege spørsmål om vassforvaltning" i vassregionen frå vassområdeutvalet		<b>01.01.2018</b>
Frist for innspel frå alle styresmakter og interessentar til revidert tiltaksanalyse i vassområdet	Alle sektormynder og interessentar må ha bidrage i tide med komplette datasett tilpassa vassforskrifta og vann-nett innan sine respektive ansvarsområder.	<b>01.01.2019</b>
Revidert tiltaksanalyse	Oversending til vassregionmynda	
Oppstart høring av revidert regional forvaltningsplan og tiltaksprogram i vassregionen	6 månaders høyringsfrist	<b>01.07.2020</b>
Revidert regional forvaltningsplan og	Alle sektorar og interessentar må følgje opp tiltak innanfor	<b>01.01.2022</b>

Oppgave/planperiode	Kommentar	Tidsfrist*
tiltaksprogram trer i kraft og erstattar plan frå 2015	sine respektive ansvarsområder, og legge miljømåla i planane til grunn for sin aktivitet.	
Prosjektplan for 3. planperiode	Godkjenning i vassområdeutvalet Vedtak i kommunane	2021

## 6. Økonomi

### 6.1 Kostnader

Kostnadane vil i hovudsak knytte seg til prosjektleiar, sekretariat, møter, reiser, kurs og utgifter til overvaking, problemkartlegging og utgreiing av tilstand og naudsynte tiltak i vassførekomstane. Fylkeskommunen vil tilsette felles prosjektleiar for Ytre Sogn og Indre Sogn vassområder. I Tabell 4 er 50 % av lønnskostnadane er lagt inn i budsjettet til vassområda. Kommunane må i tillegg yte ein eigeninnsats ved å leggje fram kjende opplysningar av vassførekomstane, utføre kartlegging, delta på møte, og gjennomføre tiltak i vassførekomstane. Pengane avsett til overvaking vert i praksis tilbakeført til kommunane gjennom finansiering av overvakingssprosjekt, vassprøveanalyser i kommunane etc.

Tabell 5. Viser utgifter for Indre Sogn og Ytre Sogn vassområde per år i prosjektperioden

Post	Kostnader for to vassområde per år i planperiode (2016 – 2021)	
2.1	Prosjektleiar/sekretariat (50%), inkl. sosiale utgifter	370.000,-
2.2	Møter, reiser og kurs	100.000,-
2.3	Vassanalysar og overvaking inkl. rapportar	300.000,-
	<b>Årleg sum</b>	<b>770.000,-</b>

### 6.2 Finansiering

Drifta av vassområdet (post 2.1 og 2.2 i tabell 4) er eit spleiselag der kommunane finansierer 50% av kostnadane og Fylkeskommunen 50 %. Midlar som går til overvaking (post 2.3) er eit spleiselag mellom kommunane ev. fylkesmannen og andre aktørar.

Kostnadane for kommunane vert fordelt etter følgjande fordelingsnøkkel (tabell 5):

Tabell 5. Fordelingsnøkkel for kostnadane i vassområdet.

Grunnlag	Andel
Lik fordeling (grunnsats)	33,3 %
Folketal	33,3 %
Landareal	33,3 %

Dette avviker frå fordelinga som vart nytta i vassområda frå 2011 – 2015, då fordelinga av kostnadane i Indre Sogn var fordelt etter areal av innsjøar og lengde på elvar, medan fordelinga i Ytre Sogn var basert berre på folketal. Ved også å leggje areal for elv og innsjø til grunn vert dei reelle kostnadane fordelt meir i samsvar med utfordringane i dei einskilde kommunane i dei to vassområda. Tabell 6 viser grunnlagsdata for kostnadsfordelingane. Utgifter for den enkelte kommune går fram av tabell 7.

Tabell 6. Grunnlagsdata for kostnadsfordelinga i Ytre og Indre Sogn:

Kommune	Folketal pr. 2014	Landareal inkludert innsjø og elv (km <sup>2</sup> )
Balestrand	1306	430
Gulen	2315	597
Hyllestad	1391	259
Høyanger	4183	905
Solund	815	228
Vik	2688	833
Aurland	1715	1468
Leikanger	2268	180
Lærdal	2174	1342
Luster	5089	2706
Sogndal	7623	746
Årdal	5496	977
<b>Totalt</b>	<b>37063</b>	<b>10671</b>

Tabell 7. Fordeling av utgifter mellom kommunane i Indre Sogn og Ytre Sogn vassområde. Grunnlagssum i budsjettet er kommunanes andel på 770.000 kr., fordelt som vist i tabell 3.

Kommune	Lik fordeling	Folketal	Areal	Totalt per år
Balestrand	21.389,-	9.044,-	10.343,-	<b>40.776,-</b>
Gulen	21.389,-	16.032,-	14.359,-	<b>51.780,-</b>
Hyllestad	21.389,-	9.633,-	6.230,-	<b>37.252,-</b>
Høyanger	21.389,-	28.968,-	21.768,-	<b>72.125,-,-</b>
Solund	21.389,-	5.644,-	5.484,-	<b>32.517,-</b>
Vik	21.389,-	18.615,-	20.036,-	<b>60.040,-</b>
Aurland	21.389,-	11.877,-	35.309,-	<b>68.575,-</b>
Leikanger	21.389,-	15.706,-	4.329,-	<b>41.424,-</b>
Lærdal	21.389,-	15.055,-	32.279,-	<b>68.723,-</b>
Luster	21.389,-	35.242,-	65.087,-	<b>121.718,-</b>
Sogndal	21.389,-	52.790,-	17.943,-	<b>92.122,-</b>
Årdal	21.389,-	38.060,-	23.499,-	<b>82.948,-</b>
<b>Totalt</b>	<b>256.668,-</b>	<b>256.666,-</b>	<b>256.666,-</b>	<b>770.000,-</b>